

**KONGELEG RESOLUSJON**

**Moderniseringsdepartementet**

**Statsråd: Heidi Grande Røys**

Ref nr.:  
Saksnr.:  
Dato: 23.11. 2005

**Omstøyting av vedtak etter konkuranselova  
Statkraft Holding AS sitt erverv av Trondheim Energiverk AS**

**1. Bakgrunn**

I samband med at Statkraft Holding AS (Statkraft) erverva 100 pst. av aksjane i Trondheim Energiverk AS (TEV), fastsette Konkurransestilsynet i vedtak av 5. juli 2002 vilkår for ervervet. Vedtaket sa at Statkraft anten måtte selje 100 pst. av aksjane i TEV eller kraftproduksjon til TEV eller anna produksjonsverksemder i Midt- og Nord-Noreg tilsvarende ein reduksjon av magasinkapasiteten med 1-1,5 TWh.

Vedtaket vart klaga til dåverande Arbeids- og administrasjonsdepartementet som i vedtak av 7. februar 2003 heldt fast på vedtaket, med unnatak av at fristen for avhending vart endra.

I mai 2005 oppmoda Statkraft departementet om ei lenging av fristen for å gjennomføre dei naudsynte sala. Departementet fylgte ikkje oppmodinga.

Etter det ba Statkraft om at konkurransestyresmaktene vurderte dei tiltaka som Statkraft til no har gjennomført for å følge opp pålegg til konkurransestyresmaktene. Statkraft har selt til saman om lag 0,3 TWh ved å selje eigardelane sine i Kraftverkene i Øvre Namsen og Kvænangen Kraftverk AS. I tillegg har selskapet inngått ein leigeavtale som gir leigetakar ein disposisjonsrett til 65 pst av magasin- og produksjonskapasiteten (tilsvarende om lag 1,8 TWh) i Rana kraftstasjon for ein periode på 15 år.

Konkurransestilsynet kom til at dei tiltaka som var gjennomført, ikkje formelt tilfredsstilte vedtaket frå 2003. Statkraft hadde gått inn i ei leigeavtale, og ikkje *avhendt* produksjonskapasitet, som var eit krav i vedtaket.

Konkurransestilsynet vurderte og om det var forsvarleg av konkurranseomsyn å sjå på dei gjennomførte tiltaka som tilstrekkelege til å endre vedtaket, slik at Statkraft ikkje måtte avhende ytterlegare produksjonsverksemnd. Tilsynet fant at utleigeavtalen ikkje ville ha same verknad på konkurransen som ei avhending av kapasitet.

Departementet var einig i Konkurransestilsynet sine faglege vurderingar, og fann heller ikkje andre omsyn som talte for ein annan konklusjon.

I sitt brev av 7. oktober d.å. meldte departementet til Statkraft at vilkåra i vedtaket frå 2003 ikkje var oppfylt.

Det har vore politisk strid om dette vedtaket. Den sittande regjeringa har eit anna syn i denne saka enn den førre som handsama saka, og ynskjer å omstøyte Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt vedtak av 7. februar 2003. På denne bakgrunn fremjar departementet eit forslag til slikt vedtak.

## **2. Høve til å omstøyte vedtaket i denne saka**

Inngrepet mot Statkraft sitt oppkjøp av TEV vart gjort etter § 3-11 i konkuranselova frå 1993 (lov 11. juni 1993 nr. 65 om konkurranse i ervervsvirksomhet). Denne lova vart 1. mai 2004 avløyst av den nye konkuranselova (lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger).

Når konkuranselova frå 1993 vert lagt til grunn, er det klart at departementet har høve til å omstøyte klagevedtaket sitt frå 2003, slik at Statkraft ikkje treng å selje TEV. Etter den nye konkuranselova § 21 må ein omstøyting gjerast av Kongen i statsråd i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning.

Sjølv om ein i dette tilfellet kan leggje den gamle lova til grunn, meiner departementet at det å omstøyte vedtaket i denne saka, i tråd med prinsippa i den nye lova, bør gjerast av Kongen i statsråd med heimel i forvaltningslova § 35 anna ledd. Vilkåra for å omstøyte vedtaket etter denne paragrafen er oppfylt, ettersom det vert foreslått å endra vedtaket slik at Statkraft slepp å selja TEV. Vedtaket er såleis ikkje føreslått endra til skade før Statkraft, men til selskapet sin fordel.

### **3. Departementet sin vurdering av spørsmålet om omstøyting**

Departementet meiner at det ikkje er grunnlag for å reise tvil om Konkurranseetilsynet sine konkurransefaglege vurderingar. Leigeavtalen som Statkraft har inngått, kan ikkje verte stilt likt med avhending av tilsvarande produksjonskapasitet. Dette inneber at sjølv om dei tiltaka Statkraft til no har gjennomført delvis bøter på verknadene av oppkjøpet, er dei ikkje tilstrekkelege til at konkurransen vert den same som før oppkjøpet.

På den anna side legg departementet til grunn at verknadene på konkurransen må verte vegd mot andre verknader av oppkjøpet. I denne samanheng meiner departementet at det skal leggast meir vekt på nokre av desse andre omsyna enn det som vart gjort under klagehandsaminga i 2003 og no i haust under den førre regjeringa.

Departementet meiner at industrielle omsyn må vektleggast. Gode industrielle løysingar i kraftsektoren som mellom anna vil virke til å utveksle kompetanse og spreie innovasjon, må tilleggast stor vekt i denne saka.

Det vert òg lagt vekt på at Statnett har ei plikt til å investere i overføringsnettet etter samfunnsøkonomiske kriterium. Statnett si oppgåve er mellom anna å utbetre store og varige flaskehalsar i overføringssystemet. Færre flaskehalsar vil redusere konkurranseproblema knytt til Statkraft sitt kjøp av TEV.

Ut frå ei samla vurdering, og med bakgrunn i dei moment som er nemnt ovanfor, føreslår departementet at Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt vedtak av 7. februar 2003 vert omstøytt slik at Statkraft kan behalde TEV utan å måtte gjennomføre fleire tiltak enn det selskapet har gjort til no.

Det er òg vurdert om ei omstøyting kan reise problem i høve til EØS-avtala. Konkurranseetilsynets vedtak hadde ikkje samband med EØS-avtala, men vart gjort med grunnlag i nasjonal lov. Det kan såleis heller ikkje vere problematisk å omstøyte vedtaket slik at ervervet likevel kan gjennomførast.

Moderniseringsdepartementet

t i l r å r

at det vert fatta følgjande vedtak:

1. Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt vedtak av 7. februar 2003 vert oppheva.
2. Statkraft Holding AS (no Statkraft Regional Holding AS) sitt oppkjøp av Trondheim Energiverk AS vert godkjend på vilkår om at
  - a) Statkraft AS har sold sin eigardel i Kraftverkene i Øvre Namsen og Kvænangen Kraftverk AS.
  - b) Statkraft AS har inngått leigeavtale om medeigarskap i Rana kraftstasjon, som gjev leigar ein disposisjonsrett til 65 prosent av magasin- og produksjonskapasiteten i Rana kraftstasjon for ein periode på 15 år.